
Høringssvar – Skulestruktur i Surnadal kommune

FAU Todalen og Stangvik Oppvekstsenter

Vi viser til høyringsdokumentet *Skule for framtida* (06.06.25) og vil med dette svaret peike på vesentlege manglar i utgreiinga, samt korleis ei nedlegging av grendaskulane vil påverke barn og lokalsamfunn negativt.

Barnets beste – mangelfull sakshandsaming

Høyringsdokumentet seier at det skal gjerast ei barnerettsvurdering. Vi meiner at denne burde vore utført før sjølve høringsprosessen, slik at det kunne vore ein del av saka. Det er uheldig at politikarane ikkje får denne før nokre få dagar før saka skal handsamat.

Vi vil og peike på konsekvenser ved å legge ned grendaskulene:

- Reisetid og ventetid vil bli lang, noko som reduserer tid til kvile, lekser og fritidsaktivitetar.
- Elevane risikerer å bli slitne, få meir skulevegning og auka behov for spesialpedagogiske ressursar.
- Små miljø gir tettare relasjonar, betre oversikt og meir individuell oppfølging – dette kan ikkje erstattast av store klasser.

Barnekonvensjonen krev at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn. Når vurderinga ikkje er gjennomført, er det vesentleg informasjon som ikkje er belyst for høringsinnstansene.

Manglande vurdering av kapasitet på SUBUS

Dialogforum peiker på at SUBUS allereie er for lite, med tronge lokalar, manglande spesialrom og pressa SFO-kapasitet. Høyringsdokumentet omtalar ikkje konkrete tiltak for å sikre fysisk plass, tryggleik og kvalitet dersom elevtalet aukar betydeleg. Uten slike avklaringar framstår det som urealistisk at samlinga skal gi eit godt tilbod.

Vurderinga av SFO er svært kort i høyringsdokumentet. Administrasjonen vurderer at behovet for SFO vil vere tilnerma det same som i dag. Det kjem ikkje fram kva som støttar denne vurderinga eller kva analyser som er gjort. Foreldregruppa som tilhører TOSTOP har gjeve inntrykk av at ei samlokalisering av alle skulene i kommunen vil føre til eit mykje større behov for SFO i fleire familier grunna kvardagslogistikk med arbeid og skuletransport.

Skuleveg og transport – undervurderte konsekvensar

ROS-analysen i høyringsdokumentet viser høg risiko for trafikkfarar og behov for ekstra bussar.

Her vil vi konkretisere konsekvensane:

- Opp til 3 timar dagleg reisetid for enkelte.
- Ventetid før ordinær undervisning starter på morgonen og etter skuledagens slutt må reknast som reisetid, jf. Udir sine retningslinjer – dette er ikkje teke inn i høyringa.
- Auka trafikkpress rundt SUBUS og usikkerheit om kven som har ansvar for elevane på buss og i ventetid.

Dette er kritiske moment som ikkje er tilfredsstillande utgreidd.

Læring og utvikling – misvisande framstilling

Høyringsdokumentet viser til at større fagmiljø kan gi betre fagleg kvalitet, men dette blir ikkje balansert opp mot fordelane med små skular. Dialogforum løftar fram:

- Fådelte skular gir meir tilpassa undervisning, meir lek på tvers av alder og tryggare miljø.
- I store einingar blir sjenerte barn lettare usynlege, medan utagerande barn får meir negativ merksemd.
- Auka behov for spesialpedagogikk i store klasser kan gi høgare kostnader – ikkje innsparing.

Skulen si rolle i lokalsamfunnet – sterkt undervurdert

Høyringsdokumentet nemner kort at skulen er ein sosial møteplass, men dialogforum dokumenterer at grendaskulen er selve limet i bygda:

- Han er avgjerande for tilflytting og bulyst.
- Han er samlingspunkt for idrettslag, dugnad og fellesskap.
- Usikkerheit og nedleggingar fører til fråflytting og at familiar vel bort kommunen.

Økonomiske uavklaringar

Dokumentet legg vekt på mogleg innsparing ved å samle skular, men:

- Kostnadane til nye bussar og auka transport, trafikksiktingstiltak og bemanning ved bussplass er ikkje rekna inn.
- Behovet for utbygging/oppgradering av SUBUS er ikkje kostnadsrekna.
- Auka behov for spesialpedagogiske tiltak kan ete opp påståtte innsparingar.

Samla sett er økonomiargumentet svakt dokumentert og ufullstendig.

Å legge ned grendaskulane vil svekke barnas kvardag, læring og utvikling, og undergrave bulyst og framtidsutsikter for bygdene. På dette grunnlaget tilrår vi at kommunen ikkje gjennomfører nedlegging av grendaskulane.